

Møte nr. 1/2012

Kontrollutvalet i Forsand
VERT KALLA INN TIL MØTE
13. februar 2012 kl. 13.00 i Møterom oppe
Møtet er opent for publikum og presse

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 1/12 [Godkjenning av protokollar frå møtet 29. november 2011](#)
- 2/12 [Ny plan for forvaltningsrevisjon - innspel frå administrasjonen](#)
- 3/12 [Ny plan for forvaltningsrevisjon - planlegging møte med politikarane](#)
- 4/12 [Kontrollutvalets oppgåver og ansvarsområde - kommunale rekneskap](#)
- 5/12 [Bestilling forvaltningsrevisjon: Anskaffingar](#) (Innkjøp til drift og investering)
- 6/12 [Rekneskap for kontroll og tilsyn pr 31.12.2011](#)
- 7/12 [Kontrollutvalet si årsmelding 2011](#)
- 8/12 [Statusoversikt februar 2012](#)

EVENTUELT

MELDINGAR

Det er ingen meldingar til dette møtet

Rådmannen er invitert til orientere i sak 2/12

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 97 65 91 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentliggjeriing i medhald av off.l) sendast berre til medlemmer/varamedlemmer.

Forsand, 31. januar 2012

Wenche Selvik
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 201100005
Arkivkode : E: 049
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 13.02.2012	Utvallsaksnr. 1 /2012
--	-------------------------------	---------------------------------

GODKJENNING AV PROTOKOLLAR FRÅ MØTET 29. NOVEMBER 2011

Sjå vedlagt protokoll frå kontrollutvalet sitt møtet 29. november 2011

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møtet 29. november 2011.

SANDNES, 31. januar 2012

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

1. [Protokoll frå møtet 29. november 2011](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800057
Arkivkode : E: 144
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 13.02.2012	Utvallsaksnr. 2 /2012
--	-------------------------------	---------------------------------

NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON - INNSPEL FRÅ ADMINISTRASJONEN

Bakgrunn:

Kontrollutvalet er ifylgje føreskriftene pålagt å utarbeida ny Plan for forvaltningsrevisjon innan utgangen av året etter siste kommuneval. I samanheng med utarbeiding av ny plan bør kontrollutvalet få innspel frå både politisk og administrativ leiing i tillegg til innspel frå revisor og evt. sekretariatet.

Kontrollutvalet bestemte på førre møte å ha eit ekstramøte den 13.februar 2012. Til dette møtet er derfor administrasjonen v/rådmannen invitert til å koma med innspel til aktuelle prosjekt.

Saksutredning:

Sekretariatet har invitert rådmannen til å orientere om det er nokre områder kor kommuneadministrasjonen ser for seg at det kunne vært nyttig å få en gjennomgang?

Det er opp til rådmannen å avgjere kven frå administrasjonen som skal vere på orienteringa

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet tar administrasjonens innspel til Plan for forvaltningsrevisjon til etterretning.](#)

SANDNES, 31.01.2011

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800057
Arkivkode : E: 144
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 13.02.2012	Utvallsaksnr. 3 /2012
--	-------------------------------	---------------------------------

NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON - PLANLEGGING MØTE MED POLITIKARANE

Bakgrunn:

Kontrollutvalet er ifylgje føreskriftene pålagt å utarbeida ny Plan for forvaltningsrevisjon innan utgangen av året etter siste kommuneval. I samanheng med utarbeiding av ny plan bør kontrollutvalet få innspel frå både politisk og administrativ leiing i tillegg til innspel frå revisor og evt. sekretariatet.

Saksutredning:

I tillegg til innspel frå administrasjonen vil og det politiske miljøet bli bedt om å koma med innspel til planen. I den forbindelse vil det bli sendt ut litt informasjon om kva og kvifor, sjå vedlegg.

Sekretariatet foreslår at den vedlagte informasjonen vert sendt ut til inviterte politikarar når kontrollutvalet har fastslått når møte med politisk nivå skal finna stad.

Kontrollutvalet må og ta stilling til kven dei vil invitere av politikarane. I førre periode vart ordførar, varaordførar og gruppeleiarane inviterte. I tillegg kan utvalet og vurdere om dei skal invitere leiarane i andre hovudutval.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet ønskjer møte med politiske leiarar den x.x.2012, og ber sekretariatet sende ut vedlagt informasjon forut for dette møtet.](#)

SANDNES, 31.01.2011

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Informasjon til politiske leiarar](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

Vedlegg: Nye planer for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Arkivkode: E: 144
Saksnr. : 200800057

Til : Politiske leiarar

Frå : Kontrollutvalet

Dato : 04.01.2012

Kopi :

Nye planer for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Kontrollutvalet er pålagt¹ å lage ny plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon for kvar kommunestyreperiode.

Kontrollutvalet vil at kommunestyret skal få ein plan der det er dei mest relevante prosjekta som er prioriterte. Derfor har kontrollutvalet vald ein prosess kor dei inviterar andre politikarar og administrasjonen til å kome med innspel til planen.

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Dette er ein del av kontrollutvalet sine lovpålagde oppgåver. Hensikta er å finne fram til risikoutsette områder kor ein undersøker om kommunen held seg til regelverk, når dei mål som kommunestyret har sett og om ressursane vert forvalta på ein effektiv måte.

Kontrollutvalet inviterar politikarane til å sjå nærare på dei ulike tenesteområda i kommunen og tenkje gjennom kva områder som kan vere aktuelt å sjå nærare på. Slike prosjekter kan famne over eit vidt område. De vises til vedlagt liste over ulike tenesteområde i Forsand kommune. Ein eventuell forvaltningsrevisjon kan omfatte både det administrative og politiske miljø (så nær som kommunestyret). Kommunale føretak og interkommunale samarbeid etter kommunelova § 28 (vertskapsmodellen) er og omfatta. Selskap (f.eks. aksjeselskap, interkommunale selskap) fell utanom, så sant dei ikkje er heileigde av kommunar/fylkeskommunar. (Det vert i løpet av året lagd fram ein eigen plan for selskapskontroll).

Når prosjekta til slutt skal prioriterast for den komande planen, skal denne prioriteringa skje på grunnlag av ein overordna analyse av Forsand kommune sine risikoområder. Det vil seie at kontrollutvalet skal vurdere om eit område har høg eller låg risiko. Kontrollutvalet skal og vurdere om dei meiner at eit eventuelt avvik vil vere vesentleg for kommunen; det kan vere både i eit innbyggjar-, brukar-, samfunns-, økonomisk- eller omdømmeperspektiv. Det er områder der kontrollutvalet vurderar risiko og vesentlegheit som størst som skal prioriterast høgast i planen.

Kontrollutvalet skal ikkje overprøve politiske vedtak, og kan difor ikkje sjå på prosjekt der det er fatta lovleg vedtak.

¹ Sjå Føreskrift om kontrollutval § 10

Aktuelle tenestoområder i Forsand kommune kan vere (lista er ikkje uttømmende):

- Rådmannen
 - Plan og utvikling
 - Næringsutvikling
 - Organisasjon
 - Personalkontor
 - Økonomikontor
 - IKT
 - Servicekontor
 - Politisk sekretær
- Barnehage
- Helse og sosial
 - Sosialkontor (NAV)
 - Tenester for Funksjonshemma
 - Barnevern
 - Psykiatritenesta
 - Legekontoret
 - Helsesystem
 - Fysioterapi
 - Avlastingsbustad
 - Miljøretta helsevern
- Kultur
 - Kulturkontor
 - Aktivitetssenter
 - Forsand bibliotek
 - Kafé Mulen
 - Fritidsklubben
 - Friluftsliv
 - Museum
 - Kino
- Pleie og omsorg
 - Somatisk institusjon
 - Heimetenester
 - Institusjon til demente
 - Kjøkken
 - Fotterapi
 - Ergoterapi
- Skule
 - Skulen
 - SFO
 - Kulturskulen
 - PPT
- Teknisk
 - Kart og deling
 - Prosjekt og innkjøp
 - Landbruk og miljø
 - Vei Vann Avløp - med uteavdeling
 - Eigedom
 - Byggjesak
 - Plan

[Tilbake](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800030
Arkivkode : E: 033
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 13.02.2012	Utvallsaksnr. 4 /2012
--	-------------------------------	---------------------------------

KONTROLLUTVALETS OPPGÅVER OG ANSVARSOMRÅDER - KOMMUNALE REKNESKAP

Bakgrunn:

I forbindelse med opplæring av det nyvalde kontrollutvalet, vedtok utvalet på første møte at man på møtet i februar 2012 skulle ha ei gjennomgang av kommunale rekneskap.

Saksutredning:

Kommunale rekneskap skil seg på enkelte punkt frå eit bedriftsrekneskap, sjølv om likskapane er større enn forskjellane.

I tillegg blir man som politiskar presentert for eit stort og for mange uoversiktlig talmateriale. Og mange vil nok spørje kor skal man byrje å leite for å finne den informasjonen en treng? Kvar finst dei vesentlige tala i eit kommunalt rekneskap?

Revisor er invitert til å gå gjennom dette temaet for kontrollutvalet.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek revisor sin gjennomgang av kommunale rekneskap til orientering.

SANDNES, 31.01.2011

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 201100031
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 13.02.2012	Utvalssaksnr. 5 /2012
--	-------------------------------	---------------------------------

BESTILLING FORVALTNINGSREVISJON: ANSKAFFINGAR (INNKJØP TIL DRIFT OG INVESTERING)

Bakgrunn

Kontrollutvalet behandla i møtet 29.11.2011 sak 31/11 bestilling av forvaltningsrevisjon Anskaffingar. Kontrollutvalet vedtok då og vurdere bestillinga og kome tilbake til denne i møtet i februar. Men for å ikkje utsette framdrifta valde kontrollutvalet å bestille prosjektet slik at revisjonen kunne leggje denne inn i sin prioriteringsplan. Kontrollutvalet ønsket å få rapporten til siste møtet i 2012.

Saksutgreiing

Det førre kontrollutvalet drøfta grunnlaget for bestillinga på sitt siste møtet 30.08.2011. Dei bad revisjonen lage eit prosjektmandat som skulle leggast fram på fyste møtet i det nye kontrollutvalet (29.11.2011). Det prosjektmandatet som då vart lagd fram for kontrollutvalet, var i tråd med det som vart skissert av det førre kontrollutvalet.

Formålet med prosjektet er: *"Formålet vil vere å undersøkje om lov om offentlege anskaffingar, styrande dokumenter for innkjøpsområde og vedtak vert etterlevd i Forsand."*

Prosjektet skal sjå på fylgjande problemstillingar:

1. *Korleis er innkjøpsfunksjonen i kommunen organisert?*
2. *I kva grad har kommunen tilstrekkelege system og rutinar for gjennomføring og oppfølging?*
3. *I kva grad har kommunen tilstrekkeleg innkjøpskompetansen?*
4. *I kva grad vert kjøp gjennomført i tråd med lov og regelverk?*
5. *På kva områder er det særleg sannsynleg at det kan oppstå brot på regelverk og kva konsekvensar kan dette få?*
6. *Har kommunen inngått rammeavtalar og korleis vert dette utnytta*

I fylgje prosjektmandatet vil revisjonen trenge ca 100 timer.

Ut frå vedtaket i møtet 29.11.2011 må kontrollutvalet sjå om dei skal gjere endringar i bestillinga, for å eventuelt fange opp moment som ikkje er nemnde i prosjektmandatet, eller om bestillinga er dekkande slik ho ligg fører i dag.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet opprettheld bestillinga av forvaltningsrevisjonen Anskaffingar som vart vedteken i møtet 29.11.2011.

Kontrollutvalet har følgjande tilføyningar til bestillinga:

SANDNES, 31. januar 2012

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Prosjektmandat](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800209
Arkivkode : E: 212
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 13.02.2012	Utvallsaksnr. 6 /2012
--	-------------------------------	---------------------------------

REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN PR 31.12.2011

Bakgrunn

Sidan kontrollutvalet har fått ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll og tilsynsarbeidet i kommune, har dei og ansvar for å fylgje opp budsjettet. Difor legg me frå ei rekneskapsversikt pr 31.12.2011 som syner kva som er brukt på kontroll og tilsyn i løpet av året som gjekk.

Saksutgreiing

Rekneskapsversikta viser eit samla forbruk pr 31.12.2011 på kr 529.052,-: Kontrollutvalet har i 2011 eit mindreforbruk på kr 164.948,- som utgjer 23,8% av budsjettramma.

Kontrollutvalets utgifter utgjer til saman 26.395,-, som utgjer eit mindreforbruk på kr 113.165,-. Årsaka til mindreforbruket er:

1. Godtgjersle til politikarane er førde på sentrale konti, saman med godtgjersle til andre politikarar. Dette vil vert endra frå 2012.
2. Kontrollutvalet hadde større budsjett til kursutgifter enn dei nytta i 2011.
3. Kontrollutvalet har hatt ein reserve til kjøp av konsulenttenester frå andre. Denne er det berre brukt eit mindre beløp av i år.

Kjøp av konsulenttenester frå kontrollutvalsekretariatet viser eit mindreforbruk på kr 16.000,-. Dette skulast tilbakebetaling av kommune sin del av overskotet i rekneskapsen for 2010.

Kjøp av revisjonstenester visar eit mindreforbruk på kr 19.524. Revisor kommenterar tala slik: **Forbruk 2011:** Det er utført 6 av 6 mva komp attestasjoner. Årsoppgjør 2010 er slutført og interim regnskapsrevisjon 2011 er i hovedsak utført, noe gjenstår som vil bli gjennomført januar 2012. Det er gjennomført forvaltningsrevisjon i samarbeid og etter kontrollutvalgets bestilling. På forvaltningsrevisjon er kommunens styringssystem levert i 2011, det er og levert en selskapskontroll på Ryfylke miljøverk iks. Overordna analyse er bestilt. Mye statlige erklæringer samles rundt årsskiftet.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek rekneskapsversikt for kontroll og tilsyn pr 31.12.2011 til etterretning

SANDNES, 31. januar 2012

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Rekneskapsversikt for kontroll og tilsyn pr 31.12.2011](#)

[Saksliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

**Kontrollutvalet i Forsand**Arkivkode: E: 212
Saksnr. : 200800209**Budsjettoppfølging kontroll og tilsyn pr 31.12.2011**

Basert på opplysningar frå kommunen sin rekneskap og tertialrapport frå Rogaland Revisjon har vi satt opp fylgjande rekneskapsoversikten pr 31.12.2011:

Kontroll og tilsyn	Vedteke budsjett 2011	Forbruk pr 31.12.2011	Forbruk i %
Godtgjersle politikarar mm.	63 300	10 516	16,6 %
Tapt arbeidsforteneste		3 200	
Arbeidsgjevaravgift		1 934	
Kurs og opplæring	15 000	2 550	17,0 %
Reiseutgifter mm.	10 650	1 095	10,3 %
Kontingentar	1 000	1 100	110,0 %
Kjøp konsulenttenester m.m.	50 000	6 000	12,0 %
Sum utgifter kontrollutvalet	139 950	26 395	18,9 %
Kontrollutvalssekretariatet	92 000	76 000	82,6 %
Kjøp tenester frå revisjonen	341 250	321 726	94,3 %
Mva	120 800	104 931	86,9 %
Budsjettramme	694 000	529 052	76,2 %

Oversikta frå revisjonen visar

Regnskapsrevisjon, attestasjonar mm.	256 750	232 050	90,4 %
Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll	84 500	90 350	106,9 %
Sum kjøp revisjonstenester	341 250	322 400	94,5 %

[Tilbake](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800030
Arkivkode : E: 033
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 13.02.2012	Utvallssaksnr. 7 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2011

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret. Rapporteringa skjer dels løpande ved at rapporter mm. vert sende til kommunestyret for sluttbehandling. Det same gjelder meldingar om oppfølging av rapporter. Som eit ledd i rapporteringa inngår og årsmeldinga og årsplanen.

Saksutredning

Årsmeldinga oppsummerar alt arbeidet som kontrollutvalet har gjort i året som gjekk.

Årsmeldinga gir ein oversikt over kontrollutvalet sitt arbeid med:

1. løpande tilsyn med kommunes forvaltning,
2. oppfølging i forhold til revisjonen, kommunen sine rekneskapar og internkontroll,
3. bestilling av forvaltningsrevisjonar, behandling av rapporter og oppfølging av desse,
4. bestilling av selskapskontrollar, behandling av rapporter og oppfølging av desse.
5. kontrollutvalet sine oppgåver med budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet og oppfølging av dette.
6. andre arbeidsoppgåver kontrollutvalet har hatt i 2011

Som det går fram av årsmeldinga har kontrollutvalet i det alt vesentligaste nådd dei mål som vart sett i årsplanen for 2011.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand vedtek framlagd årsmelding for 2011. Årsmeldinga vert oversend kommunestyret til orientering.](#)

SANDNES, 31. januar 2012

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Kontrollutvalet si årsmelding 2011](#)

[Saksliste](#)


[Neste](#)

[Førre](#)



2011

FORSAND KONTROLLUTVAL – ÅRSMELDING 2011



På Forsand, Foto Jarle. Nilssen

Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS

31.01.2012

Innleiing

Kontrollutvalet skal i medhald av kommunelova føreskrift for kontrollutval, føre løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret.

Dette inneber følgjande oppgåver:

1. Løpande tilsyn med kommunen si forvaltning
2. Oppgåver knytt til revisjon, rekneskap og internkontroll mm
3. Sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon
4. Sjå til at det vert gjennomført selskapskontroll
5. Lage forslag til budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen

Kontrollutvalet rapporterar til kommunestyret. Dette skjer ved at rapportar mm. sendes direkte til kommunestyret. Årsmeldinga gjer ei samla oppsummering av alle aktivitetane til kontrollutvalet i året som gjekk.

Kontrollutvalet sine medlemmer

Kontrollutvalet bestod fram til valet av fyljande medlemmer og varamedlemmer:

Medlemmer	
Torstein Haukalid	Leiar
Grethe Johansen	Nestleiar
Odd Arne Ingvaldstad	

Varamedlemmer	
1	Laine H. Tangen
2	Jan Sigve Schelbred May Lise P. Lerang

Etter valet består kontrollutvalet av fyljande medlemmer og varamedlemmer:

Medlemmer	
Wenche Selvik	Leiar
Thor Espedal	Nestleiar
Arne Maudal	

Varamedlemmer	
1	Jan Sigve Schelbred
2	Annbjørg S. Haukalid
3	Grethe Johansen

Kontrollutvalets arbeid i 2011

Kontrollutvalet har i 2011 hatt 5 møter og har behandla i alt 35 saker.

Løpande tilsyn med kommunen si forvaltninga

Som et ledd i kontrollutvalet sitt tilsyn med forvaltninga har kontrollutvalet i løpet av året invitert administrative leiare til å orientere kontrollutvalet i aktuelle saker. Fyljande har vært inne og orientert i løpet av 2011:

15.04.2011 Elverksjef Jarle Larsen og økonomiansvarleg Solveig Larsen orienterte om Elverket si årsmelding og årsrekneskapen. Rådmann Terje Nysted og økonomileiar Ellen H. Larsen orienterte om kommunen si årsmelding og årsrekneskapen samt skatterekneskapen.

24.05.2011 Rådmannen orienterte om oppfølginga av forvaltningsrevisjonen forsikringsavtalar. Han orienterte og om korleis administrasjonen fylgjer opp rapporten 85 tilrådingar for å styrkje eigenkontrollen i kommunane.

Oppgåver knytt til revisjon, rekneskap og intern kontroll

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. For å fylgje opp dette har kontrollutvalet bede revisor orientere om revisjonsstrategien for 2011. Oppdragsansvarleg revisor har sendt generklæring sin uavhengigheit til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har i tråd med regelverket behandla fyljande saker knytt til rekneskap og internkontroll:

- Behandla årsrekneskap med revisjonsmelding for 2010 for Forsand kommune, herunder rekneskapen til Forsand Elverk KF, og gitt uttale til kommunestyret i Forsand om kommunerekneskapen.
- Behandla skatterekneskapen, skatteoppkrevjar si melding og Skatteetaten sitt kontrollbrev.
- Følgd opp revisjonens merknader til årsrekneskapen 2010.

Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal årleg sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon i tråd med vedteken plan og innanfor vedtene budsjetttrammer. Gjeldande plan vart vedteken av kommunestyret i møtet 10.02. 2009, og oppdatert av kontrollutvalet i møtet 08.06.2010.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar vert sende til kommunestyret for sluttbehandling. Når kontrollutvalet fylgjer opp rapportane vert kommunestyret orientert etter at oppfølginga er gjennomført.

I løpet av 2011 har kontrollutvalet bestilt følgjande rapportar:

- **Innkjøp til drift og investering**

I løpet av 2011 har kontrollutvalet behandla følgjande rapport:

- **Budsjettstyring (Kommunen sitt styringssystem)**
Funn: Rapporten peikar på forbetringstiltak i rutinane.

Kontrollutvalet har i løpet av 2011 vart følgjande rapport følgt opp:

- **Kommunen sine forsikringsordningar,**

Selskapskontrollar

Kontrollutvalet har etter kommunelova og kontrollutvalsforskrifta ansvar for å sjå til at det vert førd kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m. m. (selskapskontrollar). Selskapskontrollar skal gjennomførast etter eigen plan vedteke av kommunestyret og innanfor vedtekte budsjetttrammer. Gjeldande plan vart vedteken i kommunestyret i 23.09.08.

Kontrollutvalet har i løpet av 2011 bestilt følgjande rapport:

- **Rogaland Revisjon IKS**

Kontrollutvalet har i løpet av 2010 ikkje behandla nokon selskapskontroll.

- **Ryfylke Miljøverk IKS**
Funn: Funna i rapporten gikk i hovudsak på forbetring av rutinar i selskapet og tilrådingar knytt til utøvinga eigarskapet.
- **Rogaland Revisjon IKS** Rapporten er utarbeidet av Revisor AS.
Funn: Hovudfunn i rapporten når det gjelder selskapet er at selskapet pr. i dag drives på forretningsmessige prinsipper slik at det er skattepliktig. Ellers er det gitt noen tilrådingar knytte til eigarskapet.

Kontrollutvalet sitt budsjett og rekneskap

Kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontroll og tilsynsverksemda i kommunen. Kontrollutvalet behandla budsjettet i møtet 30.08.2011, og sendte det over til kommunestyret for godkjenning.

For å fylgje opp sitt budsjettansvar har kontrollutvalet behandla tertialvise rekneskapsrapportar for sitt budsjettområdet.

Andre oppgaver

Utanom saker som nemnde ovanfor har kontrollutvalet i 2011 m.a. behandla fylgjande saker:

- Utarbeiding av møteplan, årsplan og årsmelding
- Ekstramøte saman med dei andre eigarane i forbindelse med presentasjon av rapporten frå selskapskontroll i Rogaland Revisjon IKS
- Bestilling av overordna analyse til ny Plan for forvaltningsrevisjon
- Evaluering av kontrollutvalets arbeid i førre periode
- Orientering for nyvald utval om kontrollutvalets ansvar og oppgaver

Måloppnåing m.m.

Sett i forhold til årsplanen 2011 er i kontrollutvalets mål i det alt vesentlegaste oppfylt. Det har vore nokre forskyvingar oppfølging av rapporter.

Kontrollutvalet ser det som ei viktig oppgave å halde seg oppdatert og har difor delteke på lokal konferanse på Sandnes i desember.

Kontrollutvalet har et nært samarbeid med kommunens revisor og sekretariat. Oppdragsansvarleg revisor har vore på alle møter. Mens forvaltningsrevisor har vore inne og presentert rapporter. Kontrollutvalets sekretariat er kontrollutvalets administrasjon, og representant frå sekretariatet skal vere til stede på alle møta.

Forsand, den 12.04.10
Kontrollutvalet i Forsand

Wenche Selvik
Leiar

Thor Espedal
Nestleiar

Arne Maudal
Medlem

[Tilbake](#)

ROGALAND KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS

Arkivsak : 200800045
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 13.02.2012	Utvassaksnr. 8 /2012
--	-------------------------------	--------------------------------

STATUSOVERSIKT FEBRUAR 2012

Bakgrunn

Statusoversikta er verktøyet kontrollutvalet har til å følgje framdrifta til på bestillingar og saker som kontrollutvalet skal følgje opp. Oversikta vert oppdatert fram til kvart møte.

Som nemnd i førre møtet er dei prosjekta som vart avslutta av det førre kontrollutvalet teke vekk frå oversikta slik at denne vil berre vise dei prosjekta som dette utvalet har arbeidd med.

Saksutgreiing

Kontrollutvalet har bestilt ein forvaltningsrevisjon der dei skal vurdere om det skal gjerast endringar i bestillinga, sjå eige sak. Rapporten skal verte klar til siste møtet i 2012. I tillegg har kontrollutvalet overordna analyse som vert levert til møtet i juni.

Kontrollutvalet ende ein rapport til kommunestyret i byrjinga på desember, som ikkje er behandla i kommunestyret enno. Det er ikkje sett dato på oppfølging av denne enno.

Ut over det har kontrollutvalet to selskapskontrollar som skal følgjast opp i juni og september. Oppfølging av desse skjer saman med dei andre kommunane som har vore med på kontrollen.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek Statusoversikt februar 2012 til orientering](#)

SANDNES, 31. januar 2012

Per Kåre Vatland
Seniorrådgivar

Vedlegg:

[Statusoversikt februar 2012](#)

[Saksliste](#)

[Førre](#)



Kontrollutvalet i Forsand

Statusoversikt februar 2012

Arkivkode: E: 216
Saksnr. : 200800045

Saker² frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Vedtatt satt i gang	Estimert timeforbruk	Status / forventa ferdig	Merknad
1. <i>Innkjøp til drift og investering</i>	29.11.11			<i>Bestilling vert sluttbehandla 29.11.11</i>
<i>Selskapskontrollar</i>				
1.				
<i>Andre saker</i>				
1. Overordna analyse til ny plan for forvaltningsrevisjon	24.05.11	30-40 timar	01.04.12	

Saker under politisk handsaming og til vidare oppfølging

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Tinga	Handsama	Handsama av km/ dato	Planlagt følgd opp	Kommentar
1. Kommunen sitt styringssystem	30.11.10	29.11.11			
<i>Selskapskontrollar</i>					
1. Rogaland Revisjon IKS	12.04.11	30.08.11	Kst: 25.10.11	Sept.2012	
2. Ryfylke Miljøverk IKS	19.04.10	12.04.11	Kst: 10.05.11	Juni 2012	
<i>Andre saker til oppfølging</i>					
1.					

Saker som er avslutta

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Tinga	Handsama av K.utv	Handsama av / dato	Følgd opp av K.utv.	Kommentar
1.					
<i>Selskapskontrollar</i>					
1.					
<i>Andre saker til oppfølging</i>					
1.					


[Tilbake](#)

² Forhold vedrørende ein sak, som blir behandla i dette møtet er skrivne med kursiv

Vedlegg: Prosjektmandat Anskaffelser

Prosjektmandatet ligger etter denne sida

[Tilbake](#)

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Forsand kommune	Utarbeidet dato/sign: 24.10.2011 Itj	År: 2011
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 15.11.2011/TK	Side: 1 av 2
Sak: Prosjektmandat – Anskaffelser		

Bakgrunn

Kontrollutvalget i Forsand har i møte 30.08.11 bedt oss å utarbeide forslag til prosjektmandat om innkjøp og lov om offentlige anskaffelser.

Forsand kommune kjøper varer og tjenester for betydelige beløp. Det er ønskelig at prosjektet vurderer kommunens praksis opp mot regelverket for offentlige anskaffelser. Anskaffelser er et risikofylt område vurdert opp mot de etiske brudd og direkte lovbrudd som er avslørt i norsk offentlighet de senere år. Prosjektet skal derfor også søke å identifisere risiko og god praksis ved kjøp av varer og tjenester.

Formål

Formålet vil være å undersøke om lov om offentlige anskaffelser og styrende dokumenter og vedtak blir overholdt i kommunen.

Problemstillinger

Ut i fra ovenstående bakgrunn og formål vil prosjektet kartlegge og vurdere følgende konkrete problemstillinger:

- Hvordan er kommunens innkjøpsfunksjon organisert?
- I hvilken grad har kommunen tilstrekkelige system og rutiner for gjennomføring og oppfølging?
- Har kommunen tilstrekkelig innkjøpskompetanse?
- Basert på stikkprøver, i hvilken grad gjennomføres innkjøp i henhold til regelverket?
- På hvilke områder er det særlig sannsynlig at det kan oppstå brudd på regelverk, og med hvilke konsekvenser?
- Hvilke områder er i dag dekket av rammeavtaler, og i så fall utnyttes disse?


Revisjonskriterier

Revisjonskriteriene er elementer som inneholder krav eller forventninger, og vil bli brukt til å vurdere funnene i de undersøkelser som gjennomføres og dermed belyse problemstillingene. I dette prosjektet forventes kriteriene i første rekke å bli utledet fra kommunens politiske og administrative vedtak, mål og føringer på innkjøpsområdet – og lov og forskrift om offentlige anskaffelser.

Metodevalg og omfang

Metodisk benyttes intervjuer med rådmann, sentral innkjøpsfunksjon, og desentrale innkjøpere i et avgrenset omfang. Videre benyttes dokumentgransking og analyser.

Det vil bli tatt stikkprøver av enkeltanskaffelser opp mot lover og regler for offentlige anskaffelser, og det vil bli gjennomført analyser av innkjøpspraksis i kommunens virksomheter. Sammenligninger med andre kommuner vil også bli gjort, ettersom problemstillingene er felles med prosjekter i andre kommuner.

 Rogaland Revisjon IKS	Klientnr.:	Arkiv:
Oppdrag: Forsand kommune	Utarbeidet dato/sign: 24.10.2011 Itj	År: 2011
Enhet: Forvaltningsrevisjon	Gjennomgått dato/sign.: 15.11.2011/TK	Side: 2 av 2
Sak: Prosjektmandat – Anskaffelser		

Prosjektet utarbeides under ledelse av fagansvarlig for forvaltningsrevisjon Bernt Mæland. Det forutsettes et tett samarbeid med representanter for kommunen. Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering er 100 timer.